

Breibandproblem oppe i dalen

11.02.2015

Dei som bur frå Nedre Musland og oppover i dalen har meir eller mindre mangla breiband sidn jul. Dei har purra utallige gongar på leverandøren Breiband NO utan at det hjelper og n o har Tore Mathiesen teke opp saka med ordførar Synnøve Solbakken.

Breibandet oppe i dalen er radiobasert med sendere rundt om på fjelltoppar og det er sårbart under uvær og tordenvær. Dei er også for langt borte frå å få ADSL og det er for dårleg dekning for mobildata.

Fiberbygging er det aktuelle for å få eit stabilt breiband og dette er eit av dei siste områdene i Kvinnherad som ikkje er bygd ut for fiber-

At dei manglar breiband så lenge gjer det vanskeleg å drive næring eller firma, vera arbeidstakar, student skuleelev eller privatperson som skal forhalda seg til bank, kommunen og staten.

Mathiesen opplysar at 5 firma og 4 enkeltmannsforetak har tilhald i det berørte område.

Kvinnherad Breiband har fått bestilling på fiber frå 90-95 prosent av husstandane i området og Mathiesen trur ikkje nokon annan stad i Kvinnherad har tilsvarande respons.

Truleg kan fiberutbygging skje utan offentleg anbod fordi dette er ei utviding. Då kan ein spare 2-3 månadar. Mathiesen ber kommunen om hjelp og ordføraren om å prioritera saka.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen